

Årsmelding for driftsåret 2019

Årsmøtet 2019 vart halde i Molde i samband med Helgesamlinga 29- 31.3.

27 medlemmar deltok på årsmøtet. Valkomiteen orienterte om at det også i 2019 var vanskar med å finne nokon til å ta på seg leiarvervet. For å løyse situasjonen for 2019 sa May Britt Johnsen Vikestrand seg villig til å ta det på seg for 1 år. Dette medførte at Gunnar Frøyen kom inn i styret for same periode.

Valet på Årsmøtet ga følgjande styre:

May Britt Johnsen Vikestrand	Leiar	1 år
Jan Erik Bjørshol	styremedlem	Ikkje på val
Else Leite	styremedlem	Ikkje på val
Alf Inge Jenssen	styremedlem	2 år
Gunnar Frøyen	styremedlem	1 år

Varamedlemmer:

Jonn Nordbø	1 år
John Strøm	1 år
Nann Sissel Lied Nergård	1 år

Styret har ikkje valt nestleiar for 2019. Jan Erik Bjørshol har fortsett som kasserar og Kari Steinsvik, leiar i SPF, har fungert som sekretær.

Medlemstalet.

Pr 31.12.2019 har Møre og Romsdal Parkinsonforening 470 medlemmar fordelt på dei 3 lokalforeiningane.

AKTIVITET:

Det vart i 2019 halde 3 styremøte.

Helgesamling i Molde 29-31.3. med 41 påmelde. Vi hadde foredrag av Jan K. Bjørnebo med temaet ”Hjernen på godt og vondt”. I tillegg vart fokuset sett på dei pårørande under tittelen ”Pårørande ta vare på deg selv” med Ragnhild S. Støkket.

Landsmøte i Oslo 25-27.10. Delegatar: May Britt Johnsen Vikestrand, Jan Erik Bjørshol og Kari Steinvik. Observatørar: Else Leite, Gunnar Frøyen og John Strøm.

I 2019 vart det gjennomført Fagdag for helsepersonell og Parkinsonkurs for nydiagnostiserte i nordre del av fylket. MRPF var medarrangør saman med NMPF, RPF og Lærings- og mestringssenteret i Molde v/Astrid Ljøkjell Solem.

Fagdagen i Molde vart arrangerte 23.10 med ca 50 påmelde. Helsefagleg rådgivar i NPF, Ragnhild S. Støkket var hovudforelesar.

Parkinsonkurset for nydiagnostiserte vart arrangert i Molde 12.11 med 22 påmelde, Parkinsonramma og pårørande.

11.2 vart det nytt kurs i Molde pga. så stor påmelding at ikkje alle kom med.

Fagdag i Ørsta:

Styret fekk tidleg våren 2019 førespurnad frå helsepersonell i Ørsta med ynskje om å arrangere fagdag. Innhaldet på fagdagen i Ålesund var så interessant at dei meinte fleire burde få mulighet til å

delta. Fagdagen vart arrangert 25.9 med over 80 deltakarar frå Ørsta og nabokommunane. Ragnhild S. Støkket var hovudforelesar.

På alle arrangementa har MRPF vore tilstades og medlemmar har hatt innlegg som brukarrepresentantar. I tillegg har vi gitt økonomisk bidrag pga. støtte frå Helse Midt.

MÅLOPPNÅING:

OPPLYSNINGS- OG INFORMASJONSARBEID:

- Det er gjennomført fagdagar for helsepersonell i Ørsta og Molde
- Det er gjennomført Parkinsonkurs for nydiagnostiserte i Molde
- ”Hør på meg” er vår viktigaste informasjonskilde ut til medlemmane. Det har kome ut med fire nummer som planlagt. Det er godt motteke av medlemmane, men vi slit litt med å få det ut til alle medlemmane pga feil adresse i medlemsregisteret.
- Informasjonsmøte for parkinsonpasientar på Aure Rehabiliteringssenter når dei melder behov. Kolbjørn Stokke har gjort ein god jobb på vegne av MRPF.
- Kontakt med FFO. Deltek på arrangement i FFO sin regi som er aktuelle for vår gruppe.

REPRESENTASJONS/DELTAKING PÅ SAMLINGAR:

- MRPF deltok på landsmøtet i Oslo 25-27 oktober. 3 delegatar frå styret i tillegg til 3 observatørar frå lokallaga.
- Jonn Nordbø deltok på Leder-og temamøte i regi av FFO 26.10.
- Alf Inge Jenssen deltok på Yngresseminar 24-26.5.

ØKONOMI:

MRPF har god økonomi og i 2019 støtta vi Helgesamlinga i Molde.

Det vart gitt støtte til kurs for nydiagnostiserte i Molde og til fagdagan i Ørsta og Molde.

Det er søkt om støtte til diverse tiltak i Helse Midt som event. vert utbetalt i juni 2020.

Rekneskapet vert lagt fram på Årsmøtet.

Volda 30.1. 2020

Styret